



# HINDERLØYPE MED SORTERINGSSTASJON



# HINDERLØYPE MED SORTERINGSSTASJON

## Hensikt

I denne leiken arbeider barna med å samanlikne og sortere gjenstandar etter t.d. type, farge eller storleik. Ved å leggje sorteringsstasjonen i ei hinderløype gjer ein aktiviteten meir variert og den utfordrar óg barna sine motoriske ferdigheiter.

## Utstyr

Ulike gjenstandar ein kan sortere på ulike måtar, t.d. erteposar, leikebilar, sandkasseleiker

Ulike hinder (utstyr eller naturlege hinder)

## Forklaring

1. Barna startar på ulik stad i hinderløypa, slik at dei slepp å stå i kø.
2. Omlag halvvegs i hinderløypa ligg det erteposar eller andre gjenstandar i ein rockering som skal sorterast.
3. Barna skal sortere ein og ein gjenstand, anten på ein bestemt måte (t.d. farge, type, storleik) eller valfri måte ved å springe og leggje dei i ei bøtte eller merka stad.
4. Når barna er ferdige med å sortere gjenstandane, fortset dei vidare i hinderløypa.

## Tips

- Når ein legg inn ein stasjon midt i hinderløypa blir det ofte kø på stasjonen. Prøv å unngå dette ved å ha fleire parallelle sorteringsstasjonar. Når ein har fleire stasjonar parallelt kan ein lage oppgåver i ulik vanskegrad knytt til sortering, så kan du som vaksen hjelpe barna til å finne ein stasjon som passar for dei.
- Det er lurt å ha parallelle hinder i hinderløypa for å unngå kø. Parallelle hinder gjer óg at ein kan lage hinder av ulik vanskegrad, t.d. balanse på benk der ein kan velje mellom å balansere på benken som står vanleg eller balansere på benken som ligg opp ned.